


Dagleg bøn i ei uviss tid



10.mai- 16.mai 2020

Nåde vere med dykk, og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus!

Om ei stund kan vi samlast til gudsteneste igjen- kyrkjelydane i Volda kjem med meir informasjon om når, kvar og korleis. Framleis vil noko vere annleis, men snart vert det altså igjen feira gudstenester i kyrkjene våre.

Har det vore eit sakn å ikkje kunne gå til kyrkje? Kva har du eventuelt sakna?

Sjølv om kyrkjelydane i Noreg har vore aktive på nett denne våren, trur eg likevel det står endå klarare for mange no: Kristen tru treng ein fellesskap. Ikkje berre ein digital fellesskap, men ein konkret, fysisk fellesskap, av menneske som kjem og er saman. Å vere kyrkje er å vere menneske som møtast, i eit rom, til ei tid, for å sjølve verte møtt.

For Gud møter. Heilt konkret. Gud vert menneske, vert kropp, i Jesus Kristus. Har vert synleg og tilgjengeleg for menneska i ein kropp. Når Jesus etter oppstoda igjen vert usynleg for læresveinane- og for oss- så lovar han å framleis vere til stades gjennom den kroppen som er kyrkja. Mange av tekstane denne veka handlar om kyrkja, om kroppen, om fellesskapen.

Lat oss be saman der vi er, og lat oss snart møtast igjen!

Prestane i Volda

Matias Austrheim, Kristian Myklebust, Ingrid Finsådal,
Ingeborg Matre

Søndag 10.mai– 5.søndag i påsketida

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 118 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Evangeliet etter Johannes 15, 1-8

Andakt av Kristian Myklebust,

Nokre gongar tenker eg at det viktige er gøymt i det
verkar tilfeldig. Slik som denne vesle samtalen eg hadde
for mange år sidan: Det var med ein mann eg kjenner;

ein som har levd lenger enn meg, og som gjerne også kan snakke om det som har med Gud å gjere. Eg hugsar ikkje så mykje frå samtalen, men eg hugsar at han brått siterer eit salmevers som eg nok hadde høyrte utan å legge merke til: «Du til di grein meg sette alt i min fyrste vår, med livsens dogg meg vætte, gav sol og signa år» og vidare: «Du vil òg vokster gjeva alt til min siste slutt: Lat meg i deg få leva, i deg få anda ut» Av ein eller annan grunn gløymer eg ikkje den kan hende tilfeldige salmeverssiteringa hans. Sidan då har nett dette verset i Elias Blix sin kjende salme «Med Jesus vil eg fara» vore eit godt feste for meg og noko som kan setje nokre ord på trua mi.

Det er dåpen Blix siktar til i dette verset, noko som for mange skjer nettopp i «min fyrste vår.» Dåpen skjer med vatn. Med vanleg vatn, som samtidig er det vatnet som skaper noko nytt og gir liv; dette vatnet som Blix vakkert kallar for «livsens dogg». Gjennom biletet av greina som vert sett til treet – poda inn i treet- og som vidare får vekse under lyset frå «sol og signa år», så klarer Blix å halde saman noko viktig: Her er ei kristen tru som held saman dåpen vår og livet vårt vidare, saman med Jesus. Vi blir døypte til Kristus og vi får leve med Kristus. Dåpen og livet heng saman.

Dåpen er eit punkt- eit tidspunkt og eit startpunkt- der alt byrjar. Der vi vert ein del av treet- som er Jesus Kristus. Det er Gud som handlar i dåpen. Det er Gud som tek i mot både små og store, og som møter oss med den nåden vi kanskje ikkje ein gong visste at vi trong. Dåpen fører oss saman med han som har skapt oss og

som elsker oss. Det skjer eit under i dåpen, større enn kva ord kan romme: Guds rike ligg ope for oss!

Og så er dåpen også meir enn eit punkt: Det er ei byrjing på ei vandring. Det er ei opning for eit nytt liv. Det er ein invitasjon til eit fellesskap og ein samanheng der Gud *er*.

I søndagen si preiketekst frå Johannes 15 underviser Jesus læresveinane om fellesskapen med han. Det er nok her Blix har vore når han henta sitt bilete av greina som får vekse: «Som greina ikkje kan bere frukt av seg sjølv, men berre når ho er på vintreet, slik kan heller ikkje de bere frukt viss de ikkje er i meg. Eg er vintreet, de er greinene,» seier Jesus. «Om de blir i meg og eg i dykk, då ber de mykje frukt, men skilde frå meg kan de ingen ting gjera.»

Å vere døypt gir oss høve til å verte verande hos Jesus! Dåpen er eit teikn vi har gjennom heile livet, eit teikn på at vi er hos Gud i alt vi møter. Det livet vi vert døypte til er eit liv i kjærleik, eit liv i rørsle mot Gud og mot menneska rundt oss. Ein annan salmediktar, Svein Ellingsen, skriv slik i sin dåpssalme: «Ved ditt verk, ved Kjærlighetens vilje, er vi født på ny til liv i Kristus, til et åpent liv i tro og tillit.» Det er altså det vi er døypte til. Det er dette som er å «vere i han» Det er dette som er å vere ei grein på vintreet: Å leve eit ope liv, i tru og tillit til Gud som gir oss alt. Det er ikkje å leve eit perfekt liv. Det er ikkje nødvendigvis å vere spesielt åndeleg av seg, heller ikkje å vere moralsk uklanderleg. Det er ikkje å vere spart for det som er vondt. Men det er eit liv som er ope, for Gud og menneska.

Å vere døypt er noko som skjer éin gong, anten det er i livsens vår eller når ein allereie har levd lenge. Like mykje er det å vere døypt noko som varer heile livet, heilt til grensa vi ein dag må krysse: «Og ved tidens grense lever fortsatt dine løftesord ved døpefonten, dåpens lys forblir når livet slukner» skriv Ellingsen. Å vere døypt er å vere liten. Det er å ta i mot og å verte boren av andre. Det er også å vekse og å strekke seg. Det er å gi og det er å bere andre. Det er å vere ei grein som høyrer til på treet, det er å leve og vekse, med eit håp om å bere frukt som varer. Det er å vere i Kristus, han som seier «Eg er vintreet, de er greinene.»

Truvedkjenninga

Eg trur på Gud Fader, den allmektige,
som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,
før ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
før opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,
skal koma att derifrå
og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen og evig liv.
Amen.

Bøn

Livsens Gud,
ved Son din Jesus Kristus har du oppretta ditt rike blant
oss.

Vi bed deg:

Vara oss i din kjærleik, så vi kan bera stor grøde,
som greiner på det sanne vintreet, Jesus Kristus,
han som med deg og Den heilage ande lever og råder,
éin sann Gud frå æve til æve.

Amen

(Dagens bøn for 5.søndag i påsketida)

I dag takkar og ber vi spesielt for:

For gåvene vi har i dåpen

Om å få vekse i tru og tillit

For kyrkjelydane i Volda, i Noreg og i verda

For konfirmantane våre og born og unge i kyrkjelydane

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt
og makta og æra i all æve.
Amen

Salme: 419 i Norsk salmebok: Med Jesus vil eg fara

T 1875 Elias Blix

1 Med Jesus vil eg fara
på livsens ferd i lag.
Gud, lat den samferd vara
alt til min døyand dag!
Det er mi høgste æra,
det er mi største ros
hans fylgjesvein å vera
og vandra i hans ljøs.

2 Min Jesus, sannings
stjerna,
lys opp min mørke veg!
Mitt hjarta vil så gjerna

få fylgja etter deg.
Du lyser enn i verdi
som før frå Betlehem.
Ver du mitt ljøs på ferdi,
til heim med deg eg kjem!

3 Min Jesus, gjævast
givnad,
min eignalut og skatt!
I all min gang og livnad
meg støtt for auga statt!
Som vesle blomen trugen
ser opp mot sol og dag,
til deg så vender hugen,
til deg kvart andedrag.

4 Min Jesus, Sarons lilja,
bløm fagert opp i meg!
Lat ingen ting meg skilja
og riva bort frå deg!
Du vintre i Guds hage,
min kjære Herre Krist,
unn også meg den lage
å veksa som din kvist!

5 Du til di grein meg sette
alt i min fyrste vår,
med livsens dogg meg
vætte,
gav sol og signa år.
Du vil òg vokster gjeva
alt til min siste slutt:
Lat meg i deg få leva,
i deg få anda ut!

Velsigning:

Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. ✠ (Her kan du teikne deg med krossteiknet)

Måndag 11.mai

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 37, 3-9

Tekstlesing

Tekst: Romarbrevet 11, 13-20

Bøn

Vi bed for den verdsvide kyrkja. Gjev einskap mellom truande. Lat evangeliet ha framgang i alle land. Sjå i nåde til det folket du gav dine lovnader i den gamle pakta. Styrk forkynnarar og misjonærar og alle som strir

den gode striden i trua. Hald oss fast i di sanning. Det
bed vi deg om, Gud

(Nr 216 i Bøneboka i Norsk salmebok)

I dag ber vi spesielt for:

Elevar og lærarar som startar på skulen igjen

Alle som arbeider med helse og omsorg

Alle som er sjuke

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

Salme 534 I Krist er ikkje aust og vest

T 1908 John Oxenham

O 1973 Per Lønning

M 1830 Alexander R.
Reinagle

1 I Krist er ikkje aust og
vest
og ikkje sør og nord.
Hans folk er eitt i tru og
von
på all den vide jord.

2 I han eit samfunn høgt
og fritt
dei trugne hjarto finn.
Hans kjærleik er det gylne

band,
som saman alle bind.

3 Legg hand i hand då, de
som trur!
Me fekk den same rett.
Dei born som tener Gud,
vår Far,
dei høyrer til vår ætt.

4 I Krist no møtest aust
og vest,
og eitt vert sør og nord.
Av alle tunger samlar han
eit heilagt folk på jord.

O © Cantando Musikkforlag A/S

Velsigning

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ☩ (Her kan
du teikne deg med krossteiknet)

Tysdag 12.mai

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 28, 6-9 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Romarbrevet 12, 1-5

Bøn

Herre og Frelsar, vi ber deg, forbarm deg over di kyrkje!
Det kan ikkje løynast kor veik og feilande ho er. Fri dine
truande frå å bli motlause. Lat ingen søkjande vende seg
bort frå deg fordi vi er dårlege vitne om di kjærleik.

Jesus, kom og reinsa og fornya di kyrkje! Lat ufred og misunning få sin ende. Gjev at din kyrkjelyd må bli eit levande vitnemål om at din kjærleik gjer oss nye.

(Nr.208 i Bøneboka i Norsk salmebok)

I dag ber vi spesielt for:

Leiarar og folkevalde i verda, Noreg og Volda.

Dei som arbeider for å lindre naud over heile verda

Dei som er forfølgde for si tru rundt om i verda.

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen

Salme 537 Flammene er mange

T 1972, 1986 Anders Frostenson

O før 1996 Trygve Bjerkrheim

M 1974 Olle Widestrand

1 Flammene er mange,
lyset er eitt.

Lyset – Jesus Kristus.

Flammene er mange,
lyset er eitt.

Vi er eitt i Kristus.

2 Greinene er mange,
stammen er ein.

Stammen – Jesus Kristus.

Greinene er mange,
stammen er ein.

Vi er eitt i Kristus.

3 Gåvene er mange,
kjærleiken ein.

Ein i Jesus Kristus.

Gåvene er mange,
kjærleiken ein.

Vi er eitt i Kristus.

4 Tenester er mange,
Anden er ein.

Jesu Kristi Ande.

Tenester er mange,
Anden er ein,

Vi er eitt i Kristus.

5 Lemmene er mange,
lekamen ein,

Jesu Kristi kyrkje.

Lemmene er mange,
lekamen ein.

Vi er eitt i Kristus.

T © Copyright AF-stiftelsen Psalm och sång, Stockholm. O © Lunde Forlag AS M og
S © Olle Widestrand

Velsigning

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ✠ (Her kan
du teikne deg med krossteiknet)

Onsdag 13.mai

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 146 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Evangeliet etter Matteus 13, 31-33

Bøn

Herre, vekk opp di kyrkje- og begynn med meg!

Herre, gjer din kyrkjelyd levande- og begynn med meg!

Herre, skap fred overalt på jorda- og begynn med meg!

Herre, kom med din kjærleik og di sanning til alle menneske- og begynn med meg!

(nr.204 frå Bøneboka i Norsk Salmebok)

I dag ber vi spesielt for:

Om at Guds rike må komme

For alle barn og unge

Alle som sørgjer etter å ha mista nokon

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

Salme 529 Vidunderligst av alt på jord

T 1829/1853 N.F.S.

Grundtvig

M Tysk folkevis, form
etter Thomas Laub

1 Vidunderligst av alt på
jord
er Jesu Kristi rike.
Dets herlighet er òg så
stor
at det har ingen like.

2 Vel er det skjult som sjel
og sinn,
men det er lett å kjenne,
som byen høyt på
bergetind
det ses til verdens ende.

3 Dets gåte er et
guddomsord
som skaper hva det
nevner,
som fyller dalene på jord
og høydene utjevner.

4 Med det innvies Jesu
dåp,
velsignes Jesu beger,
av dåpen veller livets håp,
og kalken vederkveger.

5 Med det der skapes
gode kår

for Herrens kjemper lave,
så de kan le av banesår
og springe over grave.

6 Med det der skapes vin
av vann
og paradiset av ørke,
med det der skapes lys om
land,
mens verden går i mørke.

7 La høres kun det rop
som går,
at riket er lagt øde;
Gud kroner like fullt dets
år
med fruktbarhet og grøde.

8 Dets glans går opp som
aks i vang,
som vår i visne lunder,
ja, prektig som med
fuglesang
Guds sol ved
morgenstunder.

9 Det er den store konges
glans,
han som på korset døde,
for at med livets
rosenkrans
ham jordens barn kan
møte.

10 Og når han kommer i
det blå,
er kristnes kamp til ende;
hva troende i speilet så,
de salige skal kjenne.

11 Da riket er med solekår
til syne og til stede
i evighetens gyllenår
med rett og fred og glede.

S © Kirkerådet

Velsigning:

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ✝ (Her kan
du teikne deg med krossteiknet.

Torsdag 14.mai

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Tekst: Salme 24

Tekstlesing

Tekst: Apostelgjerningane 2, 42-47

Bøn

Herre, gå ikkje frå oss, vi treng deg. Du Gud for
kvardagssyndarar, for dei feige og dei slappe. Syndene
våre vekkjer ikkje oppsikt. Dei er berre vanleg småtteri,

og så alminnelege at vi nesten gløymer dei, særleg om vi også gløymer deg. Du, Heilage, du Gud for syndarar, for dei lunkne, dei likegyldige, ha miskunn med oss!

(Nr 85 i Bøneboka i Norsk salmebok)

I dag ber vi spesielt for:

Om rettferdig fordeling av godene

Alle som saknar fellesskap

Bebuarane og dei tilsette på institusjonane i Volda kommune

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

Salme 540 Du som favner alle slekter

T 1983 Svein Ellingsen

M 1987 Harald

Gullichsen

1 Du som favner alle
slekter
ved din gode Ånd,
du som nådig ved ditt
forsyn
rekker ut din hånd,
Herre, kom ditt folk i
møte,
ta imot vår takk og
lovsang
for de gaver som har bragt
våre hjerter gledens makt.

2 Du har holdt din kirke
oppe
også her hos oss,
og ditt gledesbud ble
kunngjort,
våre svikt til tross.
Gjennom dåpen har du
kalt oss,
og i stormvær og i
solskinn
får vi følge troens vei

frem til livets mål hos
deg.

3 Vi kan høre vinden suse
i de høye trær,
som har gitt oss le og
skygge
langs vår dåpsvei her.
På vår vandring gjennom
verden
taler Ånden til vårt hjerte
vi blir minnet om vårt
håp,
daglig, inntil dødens dåp.

4 Mens vi venter på ditt
rike
under tidens gang,
har vi del i rikets glede
og dets jubelsang!
Hør oss, du vår kirkes
Herre,
kom i dag vårt folk i møte
gjennom kirkens tegn og
ord,
gjennom den som ber og
tror!

T © Svein Ellingsen M og S © Norsk
Musikforlag A/S

Velsigning:

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ☩ (Her kan
du teikne deg med krossteiknet)

Fredag 15.mai

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 139 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: 1 Korintarbrev 12, 18-27

Bøn

Herre, min Gud og min Far. Du kjenner meg heilt. Du veit kva eg duger til og kvar grensa går for mine evner. Hjelp meg til å ta i mot dei forandringar som høyrer livet til, på same måten som eg tek imot solskin og regn, dag og natt. Lat meg roleg akseptere erfaringa av at eg ikkje er verda sitt sentrum, men éin blant mange, eitt av dei tusenvis av kveitekorn som skal falle i jorda og døy. Du åleine veit når tida for innhaustinga er inne. Lat mi gjerning då vere fullført. Å Gud, velsign meg, så livet mitt kan bere frukt. Deg vere ære, i all æve!

(Nr 288 i bønneboka i Norsk salmebok)

I dag takkar og ber vi spesielt for:

For fred og rettferd over heile verda

For alle som er på flukt frå krig og katastrofar

Om einskap og samhald i kyrkje og samfunn

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt
og makta og æra i all æve.
Amen.

Salme 541 Det fins et hellig kall

T 1983 Ernesto Barros Cardoso,
Darlene Barbosa Schützer, Paulo
Roberto Salles Garcia, Tércio Bretanha
Junker, Déa Cristiane Kerr Affini, Eder
Soares de Almeida

O 1994 Vidar Kristensen

M 1983 Ernesto Barros Cardoso,
Darlene Barbosa Schützer, Paulo
Roberto Salles Garcia, Tércio Bretanha
Junker, Déa Cristiane Kerr Affini, Eder
Soares de Almeida

1 Det fins et hellig kall til
å forandre
og skape fred med ansvar
for hverandre.
Hvor en satt ensom og
redd, har underet skjedd:
Nå styrkes og støttes det
svakeste ledd.

Refreng
Velkommen inn!
Gud som har kalt oss, har
bruk for enhver.
Du er verdifull og viktig.
Velkommen inn!
Gud som har kalt oss, har
bruk for enhver.
Du er verdifull og viktig
her.

2 Det fins en hellig tro
som trosser farer,
som bryter is og skaper liv
som varer.

Der vi var splittet fra før
og stengte vår dør,
har vi fått erfare hva
fellesskap gjør.

Refreng
Velkommen inn!
Gud som har kalt oss, har
bruk for enhver.
Du er verdifull og viktig.
Velkommen inn!
Gud som har kalt oss, har
bruk for enhver.
Du er verdifull og viktig
her.

3 Det fins en hellig kraft i
alt som spirer,
som rydder vei for rett, og
aldri firer.
Vi har Guds levende ord,
det setter sitt spor
i hjerte og tanker hos alle
som tror.

Refreng
Velkommen inn!
Gud som har kalt oss, har
bruk for enhver.
Du er verdifull og viktig.
Velkommen inn!
Gud som har kalt oss, har

bruk for enhver.
Du er verdifull og viktig
her.

T og M © Sede Nacional da Igreja
Metodista O © Vidar Kristensen S ©
Peter Arendt

Velsigning

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ☩ (Her kan
du teikne deg med krossteiknet)

Laurdag 16.mai

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 147, 7-20 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: 1. Kongebok 8, 27-30

Bøn

Gud vere oss nådig og velsigne oss, Gud la sitt andlet lyse for oss! Då skal din veg verte kjend på jorda, di frelse mellom folkeslaga.(nr 45 i Bøneboka i Norsk salmebok)

I dag ber vi spesielt for:

For alle frivillige lag og organisasjonar i lokalsamfunnet

For feiringa av 17.mai- særleg for borna

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen

Salme

Norsk salmebok 280 Store Gud, vi lover deg

T 1771 Ignaz Franz

O 1920 Kari Lavik Mason, 1954 Trygve Bjerkrheim

M Sagan 1772 / Wien 1774

1 Store Gud, vi lover deg,
priser høyt din makt og
ære,

stemmer opp fra jorderik
evig sang med englehære!
Vend mot oss ditt
velbehag

og vårt hjertes takk
mottag!

2 For din hvite trone står
syngende den store skare,
hilser evighetens år,
frelst fra jordens nød og
fare.

Mektig bruser sangens
lyd:
Hellig, hellig, Herre Gud!

3 Himmelriket med Guds
ord
sine grenser vidt utvider,
favner hvert et folk på
jord,
stunder mot de sæle tider
da, o Jesus Krist, for deg
hvert et kne skal bøye seg.

4 Hellig Ånd, med lys og
makt,
ett med Faderen og
Sønnen,
kom som Jesus selv har
sagt,
styrk oss troen, håpet,
bønnen!
Fyll hver fattig sjel som
tror,
med den kraft som i deg
bor!

Velsigning:

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ☩ (Her kan du
teikne deg med krossteiknet)



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjelydane i Volda

Rådhusgata 6a – tlf 70 07 40 90

volda.kyrkja.no